



Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 • Juni 2016 • 49. ÅRGANG



Nytt ungdomsband

No kan ungdomane i Ytre Arna velja å ha konfirmanttida i kyrkjås eige band. Side 2.



Ny spelemann på orgelkrakken
Side 3



Historisk kyrkjemøte
Side 12-13



TGIF: Gode verdjar på livsvegen
Side 6

Nytt band i Ytre Arna

Bandet var i starten eit band for ungdom etter konfirmasjonen, men etter kvart vart bandet ein av aktivitetane som konfirmantane kunne velja.

MARIANNE HJORTLAND

Vi fekk då med oss Malene og Victoria, to av konfirmantane. I dag består bandet av desse sju flotte ungdomane: Marte Utkilen, Synne Hjortland, Malene Eide Landøy, Victoria Vik, Vu Nguyen Nguyen, Kristian Selbakk og Martin Andre

Hunhammer. Dei har øvd mykje og ofte for å opptre på samtalegudstenesta og på konfirmantfesten. Skikkelig flinke har dei blitt, og eg er kjempestolt av bandet vårt! Tusen takk til soknerådet som har støtta oss heile tida!



KONFIRMANTTID I BAND: Ungdomsbandet i Ytre Arna kyrkje starta opp etter nyttår, og er no blitt ein av aktivitetane konfirmantane kan velja. Her underheld dei på konfirmantfest. (Alle foto: Tor Oddvar Holmefjord).



VOKALKVARTETT: Marte, Synne, Malene og Victoria på øving.



PÅ SPELEJOBB I KYRKJA: Kristian, Martin Andre og Vu Nguyen spelar på samtalegudstenesta i Ytre Arna.

Den nye kantoren

Fyrsteintrykket er ein stille, fámælt og forsiktig kar. Andreintrykk: Fyrsteintrykket fortel langt frå alt!

TEKST: INGVAR FLØYSVIK • FOTO: TOR ODDVAR HOLMEFJORD



DEL AV EIN HEILSKAP: – I Det gamle testamentet stod ein del av levittane for songen, og oppgåvene deira er nøye skildra. Slik ser me kor viktig songen var, og at det er lang tradisjon for å setja kyrkjemusikken høgt.

Den 1. februar i år fekk Arna sokn ny kantor. Han bur i Vaksdal og heiter Olav Arne Steinkopf. Kona, Tone Synnøve, kjenner mange frå før; ho er dirigent i Haukeland songlag.

Nokre av oss hadde gleda av å høyra konserten Bjerkrheim-jazz i domkyrkja 16. april, eller den tilsvarande i Os kyrkje dagen etter. Me fekk høyra eit stort prosjektkor med born, unge, vaksne og gamle svinga seg gjennom nykomponerte jazzmelodiar og jazzarrangement på gamle melodiar, alt til tekstar av Trygve Bjerkrheim og alt laga av Steinkopf. Komponisten sat sjølv ved pianoet, og Tone Synnøve dirigerte.

Han har allereie planar for hausten. Då vil han ha eit prosjektkor bygd rundt Arna og Ytre Arna kyrkjekor og setja opp Egil Hovland si allehelgensmesse, om mogleg både i Ytre Arna og Arna.

– Eg likar å arbeida med mange typar musikk, både pop, jazz og tradisjonell orgelmusikk, fortel Olav Arne, som er presteson.

Foreldra hans hadde var misjonærar på Madagaskar, og dei to brørne hans vart fødte der. Sjølv er han berre fødd i Bergen, der familien budde i dei to fyrste leveåra hans. Faren fekk så teneste i Støren i Trøndelag i åtte år. Etter det flytta dei til Avaldsnes. Der

hadde kyrkja nett fått nytt orgel, og der vart interessa hans for orgelmusikk vekt.

Det fyrste instrumentet Olav Arne byrja med, var likevel ikkje orgel, men piano. I Avaldsnes-tida spela han faktisk aller mest trommer. På musikklinja i Haugesund hadde han trommer som hovudinstrument fyrste året, piano det andre og orgel tredje året. Etter vidaregåande bar det til Bergen, der han byrja på kyrkjemusikkstudiet, tre år grunnstudium pluss eitt år med spesialisering. Deretter vart det diplomstudiet på orgel ved Musikkhøgskolen i Oslo. Han tok òg pedagogikk.

– Det var i denne tida eg vart kantor i Rødtvedt kyrkje i Oslo. Der var eg i fire år. Men Tone Synnøve og eg hadde allereie gifta oss, og me ynskte ikkje at borna skulle veksa opp i hovudstaden. Me søkte difor stillingar ulike stader i landet, og hadde truleg enda i Kirkenes om dei ikkje hadde somla med tilsetjinga.

I staden vart det Vaksdal, der dei hadde bruk for begge. Ekteparet delte halvanna stilling, i tillegg til at dei engasjerte seg i kulturskulen og ymist anna.

– I fyrstninga fekk me ansvar for fire kyrkjer, seinare heile sju. Det vart mykje køyring og store avstandar, fortel han om kvifor han søkte stillinga i Arna.

– Etter 18 år hørdest det greitt ut å

kunna samla arbeidet om éi kyrkje. Eg tenkte det òg ville vera lettare å få til ei meir strukturert arbeidstid her. I tillegg hadde eg høyrte at Arna var ein aktiv og levande kyrkjelyd – og så var stillinga ledig!

No er tida inne til å fiska etter korleis Olav Arne har opplevd å koma til oss, og kva han ser som særlege utfordringar. Han svarar fyrst diplomatisk at Arna er ein stor kyrkjelyd, som det tek tid å verta kjend med og vita kvar ein skal setja inn støyten. Men me oppdagar snart at han har gjort seg opp tankar om fleire saker:

- Orgelet frå 1956/57 vart restaurert og fekk fleire stemmer i 2009. Men framleis har det mange feil og manglar. Somme tonar teier. Det er bestemt at spelepulten skal skiftast, og dette står høgt på Bergen kirkelige fellestråd si prioriteringsliste. Men me snakkar om rundt éin million kroner. – Truleg må me få i gang ei innsamling slik at oppgraderinga vert eit samarbeid mellom BKF og kyrkjelyden, seier han.
- Temagudstenestene har ein annan profil enn dei andre, med band og liknande. – Eg ynskjer å ha kvalitet i alt som skjer, uavhengig av stilart. Dette er noko eg har lyst å jobba med, seier kantoren, som svært gjerne vil koma i kontakt med samarbeidspartnarar til det musikalske arbeidet i kyrkjelyden, amatørar, halvprofesjonelle og profesjonelle musikarar i Arna. – Eg veit om ein god del, men har lyst å verta kjend med fleire, seier han.
- Så har den nye kantoren fått ansvar for Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Her trengst sårt fleire songarar.

Bladfyken har lese i fjesboka at det er stor usemje mellom kantorar om dei skal vera vigsla eller ikkje. Kyrkja har i si tid gjort vedtak om at kantorstillinga er ei vigsla stilling. Men det har ikkje vore gjennomført, og mange organistar er glade for å sleppa.

– Men du, Olav Arne, er vigsla?

– Det handlar om korleis ein ser på arbeidet, seier Olav Arne med eit smil.

– Eg ser på meg som meir enn ein spelemann som yter tenester. Eg vil vera ein del av ein større heilskap, ein del av det kyrkjebyggjande arbeidet. Det er fint at ein kan sjå på arbeidet til kantoren som ein del av det store arbeidet. Me jobbar med tekstar, skal få fram og understreka tematikken i gudstenesta. Musikken kan vera med å føra vidare der ord ikkje når.

Bedehusets 150-årsjubileum

Laurdag 30. april feira Ytre Arna Indremisjon 150-årsjubileum for Bedehuset, eller Forsamlingshuset, som det heitte frå fyrst av.

TEKST: TOR ODDVAR HOLMEFJORD



Bedehuset i dag (foto: Tor Holmefjord).

Om kvelden var det stor Jubileumsfest. Professor Magne Supphellen heldt eit foredrag om Hans Nielsen Hauge. Det vart mat, song av Ytre Arna musikklag og ei oversikt over historia til Bedehuset / Forsamlingshuset av Martin Risøy.

Dei som gjekk i brodden for bygginga, var lærar Mons Hauge, fabrikkengarane Jurg og Johan Jebsen og arbeidar Lars Monsen. «Den 23. april 1866 hadde dei sitt første styremøte. Der gav Jurg Jebsen melding om at han hadde kjøpt timberet av Mjelde kyrkja på auksjon for 75 spesidalar, og at det var tanken hans at det skulle nyttast til forsamlingshus med leserom i Arna» les me i boka Fabrikkstaden Ytre Arna av M. L. Revheim.

Åsane og Arna kulturkontor støtta arrangementet, og Birgit Kårbø overrekte ei gåve frå kulturkontoret.

Gudsteneste ved Redningshytta

2. pinsedag er turdag. Slik er det også i Arna kyrkjelyd. Då byter dei ut finskoa og dressjakka med tursko og turjakke, pakkar sekken og dreg på fjellet.

TOR HOLMEFJORD

Bilen parkerer dei ved «osen», og tar så beina fatt. Turen går som så ofte før på 2. pinsedag til Redningshytta ved Gullfjellet. Turen tek om lag ein time, og går både på veg, sti, steinheller og

over restar av snø frå vinteren som var. Opp kom alle. Det er imponerande, for aldersforskjellen på den yngste og den eldste var over 90 år!

Ved Redningshytta kledde Arvid Fosse på seg prestekjolen og leia gudstenesta. Det var fint å halde høgtid her oppe på fjellet, langt frå alt nede i kvardagen. Så var det tid for kyrkjekaffi. Fram kom både niste og termos, og praten gjekk. Sjølv om det var fint her oppe, måtte vi heim att, ned til bilen og heim og lage middag.



FOR ALLE GENERASJONAR: Aldersforskjellen på deltakarane var på over 90 år. (Foto: Tor Holmefjord)



PINSEGUDSTENESTE I FJELLET: Ved Redningshytta kledde Arvid Fosse på seg prestekjolen og leia gudstenesta. (Foto: Tor Holmefjord)

Fredskirken i Buitenpost

Buitenpost ligger 40 kilometer vest for Groningen. Her er togstopp, rådhus, og trivelig trebebyggelse - med velstelte hager - der noen også holder høns og kaniner. Naboene stiller opp for hverandre - og alt ånder av fred og fordragelighet. Og der - mellom villaene, ligger en nøktern, men særdeles innbydende liten kirke.

TEKST OG FOTO: THRUDE DEISZ



IDYLLISK LANDSBYKIRKE: Mellom villaene i Buitenpost ligger en nøktern, men særdeles innbydende liten kirke.

Kirken ble bygget like etter krigens slutt i 1945, da rundt 20 unge idealister (noen av dem fra USA) kom til Buitenpost. Noen var militærnekttere med alternativ tjeneste, andre var bare reiseglade og eventyrlystne.

– De ønsket å hjelpe med å restaurere kirken etter fem års krig og ruin, forteller Jannie Dijkema Jensma, som den gangen var syv år gammel.

Pågangsmot og dugnadsånd

Hun er oppvokst i en mennonittfamilie, og det var på hennes mors initiativ at utenlandsk ungdom ble invitert til landsbyen. De ble mottatt med åpne armer, folk engasjerte seg og dugnadsånden blomstret. Det er lett å forestille seg hvilken fantastisk rus av lettelse, optimisme, fellesskap og inderlig glede de var i. Krigen var endelig slutt, og alle var fulle av tiltakslust og pågangsmot.

De nyankomne skulle innkvarteres og ha mat mens arbeidet pågikk; det tok «Søsterkretsen» seg av. Men først ble alt, til og med gjødselkjellere og uthus, vasket ned og satt i stand. Så ble gjestene plassert rundt på gårdene, som de kalte «Campers Paradise». Det sosiale ble ivarettatt med koselige sammenkomster, og lille Jannie var storøyd tilskuer til festlige kvelder med lek, sang og musikk.

Organisasjonen Mennonite Central Committee (MCC), som fremdeles eksisterer, fikk for øvrig en pris fra den amerikanske regjering for hjelpearbeidet de utførte i Europa.

Døpt som 21-åring

Jannie deltok senere på flere mennonittleire i utlandet. Hun ble døpt som 21-åring ved en høytidelig seremoni. Denne foregår under søndagsgudstjenesten, etter at presten har gitt en serie undervisningstimer om troen og hva det betyr å bli mennonitt.

Så underskrives en egenhendig forfattet erklæring, som man også må stadfeste høyt i kirken, før man blir velsignet av presten - i Jesu navn - med noen dråper vann og korsets tegn på pannen. Etterpå holdes det en tale og man får Bibelen.

Kirkete og kirkekake

Vi spaserte de få minuttene til kirken, og vi gikk ikke alene. Ut fra hager og hus på begge sider av den smale veien stimet folk sammen i søndagspussen, og alle smilte noen vennlige ord. «Presten» var denne dagen ikke teolog, men en asketisk-utseende mann, som holdt en inntrengende tale om tro.


Flere av salmetonene var kjente, og tilhører nok vår felles-europeiske salmeskatt. Da «Du Far og Herre, du som rår» kom, sang jeg Arve Brunvolds norske oversettelse inni meg. Det var veldig spesielt.

Etterpå ble vi invitert til kirkekaffe; urtete og kake - som er vanlig etter gudstjenesten. Det er godt å bli så vennlig mot-tatt, og ikke minst å føle at «fellesnevneren» er den samme! Jeg håper de nye som kommer til vår kirke får oppleve dette hos oss!

Fakta

Mennonittkirken

- Mennonittkirken ble grunnlagt på 1500-tallet av nederlanderer Menno Simons (1496-1561). Han var opprinnelig katolsk prest, men sluttet seg til reformasjonens venstrefløy, døperbevegelsen, og forkastet barnedåpen.
- Til forskjell fra de revolusjonære gjendøperne var han overbevist pasifist, og oppfordret sine tilhengere til å leve et stille, nyttig og borgerlig liv. Så kunne man - som voksen - bli døpt etter en egenhendig underskrevet erklæring.
- Tross forfølgelse og emigrering til blant annet Tyskland og Amerika, er der fremdeles mange mennonitter i Nederland.
- Den nederlandske mennonittkirken var den første som tillot kvinnelige prester.



KJEMPET FOR VOKSENDÅP: Menno Simons var en nederlandsk-frisisk teolog og reformator i døperbevegelsen. Mennonittene er oppkalt etter ham.

Takker Gud for fredagen

Han har hatt en klump i magen gjennom mange år av å tenke på å sende de unge fra seg etter endt konfirmanttid uten noe mer å gi dem. Var det ikke noe kirken kunne tilby de unge etter at de var vel og vakkert konfirmert?

TEKST OG FOTO: DAG SUNNANÅ

Sokneprest Bernt Forstrønen i Salhus er ikke den eneste presten her til lands som har hatt liknende mageonde. I de fleste menigheter innen Den norske kirke dukker det samme spørsmålet opp: Hvordan kan vi følge opp konfirmantene etter et fint år og gi dem mer av verdi videre på livsveien?

For soknepresten og hans medarbeidere kom tanken opp om å starte et tilbud for ungdom i målgruppen 15 til 20 år. Navnet «Thank God It's Friday» har visse likheter med en restaurantkjede, men for de 70 som kom på det første arrangementet i Salhus kirke 14. november 2014, var ikke dette noe problem. Engelsk er nå blitt en del av de unges samværsspråk uansett.

Styrke troen

– Vi har en tydelig visjon med ordlyden: «Bli i min kjærlighet». Det er Jesu egne ord, og med det ønsker vi å bidra til at de unge blir tatt vare på og kan både forbli og bli styrket i den troen de har fått formidlet som konfirmanter, sier Forstrønen og fortsetter:

– Med TGIF tar vi sikte på å bygge opp et ungdomsarbeid med god kvalitet på budskap og innhold. Men det kan være en omfattende jobb for den enkelte menighet å drive et slikt arbeid i egen regi, gjerne i tillegg til alt det andre som inngår i en menighets oppgaver. Derfor har vi nå startet et samarbeid innen Åsane prosti hvor vi går sammen om et årsprogram for TGIF med arrangementer rundt om i menighetene.

Det har vært TGIF i alle menighetene i prostiet, bortsett fra Osterøy, men de kommer til høsten.

– Vi ønsker å arbeide sammen i et felles ansvar for ungdommene våre. TGIF er bygget på viljen til samarbeid og troen på at hvis vi deler med hverandre så vil gode ting skje, understreker Forstrønen.

Fikk støtte

Som en kraftig oppmuntring og tegn på at TGIF-arbeidet er på rett spor kom også nominasjonen som en av tre til Trosopplæringsprisen for 2015. Dette er en pris i regi av Kirkerådet og Institutt for kristen oppseding (IKO). Det er også kommet spørsmål fra andre prostier som ønsker å vite mer om tiltaket.

I tillegg har TGIF i Åsane prosti fått midler fra Bjørgvin bispedømme, forteller Forstrønen, som ikke legger skjul på at arbeidet vil være avhengig av milde gaver også i framtiden. – Dette er et breddetiltak for alle sju menighetene, og det er vi stolte av. Og midlene vi har fått gjør det mulig for oss å



VIKTIG SATSING: – TGIF blir et stikkord for ungdomsarbeid over menighetsgrensene, sier sokneprest Bernt Forstrønen i Salhus.

etablere et eget TGIF-team på 10 personer som skal hjelpe til på hvert enkelt sted og bygge kvalitet. Det er et nytt skritt mot et fellesskap som hjelper hverandre.

For det er vanskelig å bygge et kvalitativt ungdomsarbeid og flytte det fra menighet til menighet. Men ungdommene selv klarer godt å ta turen til de enkelte stedene arrangementene finner sted.

– De er mobile slik, og dessuten har Åsane menighet vært velvillige å stille en egen TGIF-buss når det trengs, forteller Forstrønen.

Høstens TGIF-program

- TGIF KickOff – Salhus kirke, 26. august
- TGIF - Arna kirke 23. september
- TGI Festival – Eidsvåg kirke 28. oktober
- TGIF – Haus kyrkje 18. november
- Julegudstjeneste – Åsane kirke 26. desember



Har du ennå ikke besøkt Åsanes største og flotteste kunstutstilling, så bør du ta en tur før det er for sent.

TEKST OG FOTO: KNOT CORNELIUSSEN

Utstillingen finner du i Torgstuen i Åsane kirke. Her er bilder til glede både for malerne og for kunstskere som får gleden av å nyte de flotte maleriene.

Kunstverkene er laget av medlemmer av Klubb + og Klubb x-tra, som kommer fra hele Åsane og samles i Åsane kirke til ulike aktiviteter. Du finner bilder med en spontanitet og kreativitet du sjelden ser på andre kunstutstillinger. Ikke se på bildene som bilder laget av unge med forskjellige handikap, men nyt følsomheten og varmen i bildene. Ta deg tid, og du vil få en stor kunstoplevelse.



Noen av kunstnerne.



Fargesymfoni



Jubel (Carl)



Gla for å se deg



Den blå grotte (Øystein)

Kjære leser av menighetsbladet!

Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad. Dette finansieres dels av støtteannonserne, men det er likevel behov for å spørre om et bidrag fra våre lesere. Tusen takk til dere som sender gaver til

bladet. Gaver der årsbeløp overstiger 500 kroner er skattefrie dersom personnummer oppgis. På forhånd takk!

Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti



Abbedissen
begravelsesbyrå as




Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. BERGEN VEST 2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Åsane
Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Arna
GRAVFERDSBYRÅ

Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna



Koba Christensen
BEGRAVELSESBYRÅ

126 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?
Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207  **Løiten Lys Bergen**
55 31 80 01

Løiten Lys

www.loiten-lys-bergen.no



Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

Alltid en anledning!

TOPPEBLOMSTER
- fra hjerte til hjerte

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00



TREseksten

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF: 55 19 82 00



Begravelsesbyrået for byen og distriktet

Solstrands
Begravelsesbyrå as

www.solstrands.no
post@solstrands.no

DØGNVAKT • 55 55 16 16

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av **VIRKE GRAVFERD**

XL BYGG ADOLF JAHNSEN

Fagerdalen 4, 5039 Bergen, Tlf 55 33 36 00
www.adja.no e-post: post@adja.no



En annonse i menighetsbladene når alle husstander i Arna, Osterøy, Åsane, Salhus, Eidsvåg, Lønborg og Biskopshavn.

For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på

995 50 787

Bygger barnetro med Biblo-klosser

Med Biblo-byggesettet «Den gode samaritanen» blir bibelhistorier mer tilgjengelige for aktive barn. Slik kan de både ha det gøy, bygge bibelhistorier og tro - brikke for brikke.

TEKST: KAROLINE ROSSGÅRD SALHUS

Etter at Legos patent på de karakteristiske byggeklossene gikk ut i 2011, er det fritt frem for å sette i gang egen produksjon, med den tematikken en måtte ønske. Nettopp det har Åsane menighets Kristian Mellingen gjort, under navnet «Biblo».

– Ideen kom på hjemmebane. Jeg har tre gutter som elsker å bygge, utforske og lære på hvert sitt nivå. Jeg ville gjerne koble denne lærelysten med trosopplæring, forteller den lokale småbarnsforen, som også sitter i menighetens trosopplæringsutvalg.

Lærer gjennom engasjement

Ideen bygger på det enkle prinsippet at en lærer best gjennom å bli engasjert. For barn gjelder det å ikke bare sitte stille, men å få bruke hendene, bygge, observere og leve seg inn i historien.

– Biblo er laget for å gjøre bibelhistorier mer tilgjengelige for aktive barn. Når de har hørt historien og bygget ferdig Biblo-settet, så er de blitt kjent med handlingen og personene på en helt ny måte, og da sitter det godt i hukommelsen, forklarer Mellingen.

Tilgjengelig for trosopplæring i hele landet

Det har tatt noen år, en del sparepenger og flere reiser, men endelig har Biblo blitt en realitet. Byggesettene er nå produsert i stor skala, pakket og klare til distribusjon.

– Det har krevd mye innsats og mange vurderinger å føre ideen frem til et ferdig produkt. Hvilken bibelhistorie skal vi fortelle? Hva skal barna bygge for å lære historien? Det var også viktig å finne en produsent som kunne lage brikker med høy nok kvalitet, forklarer Mellingen.

Etter mye research og masse testing er han kjempefornøyd med resultatet og klar for å gå i nærmere dialog med landets menigheter, i håp om at dette er noe som kan være aktuelt for deres trosopplæringsarbeid.

– På nettverkssamlinger for landets trosopplæringsaktører - både menigheter og organisasjoner, har vi registrert stor begeistring for ideen, forteller han.

Høyaktuell tematikk

Biblo er ikke tenkt bruk i kommersiell sammenheng, men til trosopplæringsarrangementer for barn, som for eksempel søndagsskole, temamøter, gave til et årskull i kirken eller andre aktiviteter i trosopplæringsøyemed. Så langt er det én bibelfortelling det er laget byggesett av, nemlig historien om den barmhjertige samaritanen, som Biblo lanserer under det mer barnevennlige navnet «Den gode samaritanen». Byggesettet er enkelt og passer for barn fra og med fire år.

– Denne historien er høyaktuell i en tid der vi må huske ekstra godt på nestekjærlighet og medmenneskelighet. Dette er kanskje noe av grunnen til at vi også opplever god etterspørsel etter Biblo-sett fra menigheter i hele landet, foreller Mellingen.

Hverdagsrelevans og enkel oppskrift

Hvert byggesett inneholder brikker, figurer og et hefte som har både bibelteksten, en samtalestarter og byggeinstruksjoner.

En menighet som allerede har satt Biblo på sin trosopplæringsagenda, er selvsagt Mellingens egen. Våren 2017 inviterer Åsane menighet alle sine 7-åringer til TilTro-samlingen «Biblo-bygging». Og veien for videre Biblo-suksess i også mange andre menigheter ligger åpen og klar, skal en tro responsen så langt,

– Vi opplever god etterspørsel etter Biblo-sett fra menigheter i hele landet. Vi skal gjøre så godt vi kan med å følge opp med dette byggesettet, og forhåpentligvis nye byggesett også, lover Mellingen.



KLARE FOR DISTRIBUSJON: Biblo er Lego med Bibel-tematikk. Kristian Mellingen, som står bak det nylig lanserte produktet, opplever god etterspørsel fra menigheter i hele landet. (Foto: Biblo)



Då dua fekk kvite brystfjør

Ho sat der og småkurra i ljosken frå det brennande bålet. Det var stjerneklårt og stille. Gjetarane let augo kvile i synet av varmen frå elden, medan saueflokken orta der dei låg etter dagens vandring.

KVITE DUER: «Som i eitt no lyftar duene seg, og saman med underlege lysglimt av eldtunger og susen frå mange tungemål, får dei svinge over dei mange som ber om tilgjeving og fred og som kastar seg rundt kvarandre i song og glede som om det vonde var borte». (Foto: Peretz Partensky/CC BY-SA 2.0)

AV HARALD MYKLEBUST

Brått lyser det opp, og dua flyg opp og finn seg omkransa av syngande himmelånder som jublar ut: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i». Orda og songen brende seg inn i hjarta hennar: FRED på jorda! Var det ikkje det som var og er så vanskeleg for menneskeborna å få til ?

Men kvar var det gjetarane gjekk, var det ikkje til stallen med takskjegget ho brukte å varme seg innunder når det var kaldt? Og der, der strålar det mot henne frå eit nor sveipt og liggjande i ei høykrubba, akkurat same strålekransen som skein frå dei syngande himmelåndene. Kva for eit barn kan dette vere?

Elva renn så stille i soldisen. På elvebreidda står ein mann i kamelkappa si og spør om kven som vil stige ut i elva for å gjere opp for ugjerningane sine. Var det det som måtte til for å skape fred mellom menneska? Dua kurrar på nytt der ho sit og steller fjørene sine etter ein dukkert i elva. Og sjå, der stig ein mann ut i elva, med ei utstråling lik den ho hadde opplevd frå barnet i krubba i stallen for lenge sidan, og var det ikkje song frå himmelåndene att, og ei klår røyst talande: «Du er Son min, som eg elskar, i deg har eg mi glede».

Den vesle dua skjønar ikkje kva som skjer, men kjenner ein uimotståeleg trong til å sjå nærare på denne mannen. Ho svingar seg rundt og nærmar seg han, og merkar ikkje at til nærare ho kjem Han, vert brystfjørene hennar kvitare og kvitare. Og røysta seier: «Den du ser Anden dalar ned mot og vert verande over, han er Son min». «Anden? Men det var eg som dala ned over han» tenkjer dua.

Og kva har hendt med henne? Ho kjenner seg ikkje att; må berre stige høgare og høgare opp, og vidare fram, til tempelbyen med invasjon av menneske frå mange kantar av landet til påskefest med god mat og prat, song og fest og jubel. For kven kjem ridande til dei med den umiskjennelege stråleglansen? Jau, Han frå stallen, frå elva, her omkransa av hyllingsropet «Hosianna»! Dua lyfte seg og fauk av stad til hagen for å fortelje dei andre at Han som var omkransa av himmelåndene no var i byen.

Myrkre har sige på. Duene vert vekte av ein flokk lov-syngande menn. Men så vert det stille. Der vert dei vitne til at Han kastar seg ned i hulkegråt - aleine, nei, sjå der: Ein engel knelar ned ved sida av han. Dei held pusten, for nett i det same, i fakkellyset, ser dei soldatar tek og bind han, og fører han med seg til borga, der ein høyrer piskeslag og ser blodet renn frå panna Hans, med ei klungerkrune.

Var den ikkje henta frå rosetreet dei brukte å kvile i? Kva skulle det vere til? Og der ser dua at Han vert spikra på eit tre, lyfta opp, høgt over alle, spytt på og gjennombora av eit spyd. Og brått ristar jorda, dei flyg opp og svingar seg over Han, der han heng, einsam og forleten.

Det er i grålysinga. Folket søv. Sola er i ferd med å stige over åskanten. Duene steller fjørene sine, som aldri før har vore kvitare. Og raudstrupa fortel at han hadde prøvt å få bort ein torn frå klungerkruna på Han som hang der, og var blitt tilgrisa av blodsdråpane han hadde fått på seg. Den blodraude fargen greidde han ikkje å vaska av seg. Kva kan dette vere for ein mann?

Så, i eit mektig lys som på marka for lenge sidan, høyrer dua at steinen vert velta frå grava medan vaktmennene stupar til jorda. Dua flyg opp og fyk ned for å setje seg på steinen, og

ser: Grava er tom! Ikkje lenge etter ser ho kvinner, og så menn som kjem springande for å sjå kva som har hendt.

Og er det ikkje engelen som dua hadde møtt for lenge sidan, som fortel at Han har stått opp og vil møte dei ein annan stad? Men stopp litt, der kjem ei kvinne som spør kvar Han har lagt den avlidne, som berre med eit ord, «Maria» får henne til å stråle opp. Ho spring av stad for å fortelje at ho har møtt Han!

Underet har skjedd. Dei 11 og mange andre har fått sjå Han og møtt Han, og teke farvel med Han. Det såg og høyrde dua på fjellet, og er no vitne til at desse feige mennene som svikta Han då det gjaldt, står fram med song og glede og vitnar. Kva har skjedd? Han som kom og tala om fred, fekk dei til å fortelje folket (som hadde teke livet av Han) at Han var oppstaden og ville dei skulle fortelje om Nåden til alle menneskja, som Han elska med ein evig kjærleik.

Det er spenning i lufta att. Desse som hadde vandra saman med Han, og som rømde frå han, får folket til å høyre at Han

vil syne seg att for dei. Og kva skjer? Dua kallar på dei hine duene. Kanskje kjem himmelåndene att? Ho hadde fått for seg at når Han - på sin nye måte - skulle «vise seg», så skulle dei få høyre: «Vend om og lat dykk døype bort frå alt det vonde de gjer, og ta imot min fred, - den fred som berre eg ved Den Heilage Ande kan gi dykk».

Som i eitt no lyftar duene seg, og saman med underlege lysglimt av eldtunger og susen frå mange tungemål, får dei svinge over dei mange som ber om tilgjeving og fred og som kastar seg rundt kvarandre i song og glede som om det vonde var borte. Duene kurrar seg imellom: Desse orda om nåde, glede og fred mellom alle folka, det skal alle vi duene bere med oss over heile jorda.

Og stadig fleire har slutta seg til, etter som den store himmelånda, Heilaganden, saman med duene, spreidde seg for alle vindar, i all sin reinleik, kledd i kvite fjørar og med grønne spirar frå hagen der han, Menneskesonen, braut døds-kreftene, for ved Anden å gi oss sin fred.

St. Georg og speiderne

Mandag og tirsdag i St. Georgs-uken markerte speiderne i Biskopshavn KFUK-KFUM denne fortellingen med et lite skuespill, der man fikk møte både St. Georg selv, væpneren hans, dragen, prinsessen, kongen og folkene i landsbyen.

TEKST OG FOTO: NILS AGNAR ELDHOLM

Både dragen og de øvrige var kledd i passende antrekk for en slik dramatisk hendelse, og både prinsessens gråt, dragens skumle brøl, Georgs kamprop og landsbybeboernes jubel over å få prinsessen trygt hjem igjen kunne høres på lang avstand. Det var stor rift om å få spille både helten, dragen og prinsessen, så det måtte gjennomføres mange forestillinger før alle skuespillerne var fornøyde.

Speiderne over hele verden kjenner til St. Georg, men mange andre lurar nok på hvem denne personen var, som har satt så mange spor etter seg. Statuer og malerier finnes i mange land. I Storkyrkan i Stockholm finnes en flott statue, i England finner man St. Georgs flagg, og i Bergen har vi St. Jørgen hospital. 23. april kalles for St. Georgs dag, og i Barcelona feires denne dagen med store opptog.

Georg ble født i det nåværende Tyrkia på slutten av 200-tallet, da keiser Diokletian styrte Romerriket, og var kjent som en hjelpsom og modig ridder. Det fortelles at han kom til en by som ble terrorisert av en farlig drage, som nå forlangte å få kongens datter. Det ble en heftig kamp mellom den vonde dragen og redningsmannen. Georg seiret, og prinsessen kom under stor jubel tilbake til foreldrene og hjemstedet sitt.

Georg var en kristen ridder, og han fortalte frimodig om sin tro på Jesus. Dette likte ikke keiseren, og han forlangte at Georg skulle fornekte sin kristne tro. Dette ville ikke Georg. Keiseren ble rasende, og avgjorde at Georg skulle henrettes. Det sies at Georg døde martyrdøden 23. april 303. Han ble seinere kåret til helgen, og han kalles derfor St. Georg.

Hva kan være sant i fortellingen om St. Georg? Drager fantes ikke i Romerriket (eller for så vidt noen andre steder). Kanskje var Georg en person som reddet et barn fra fangenskap hos røvere? Vi vet at barn blir bortført, både for 1700 år siden og i dag. Modige, dyktige og hjelpsomme personer har alltid eksistert. Kristne har blitt forfulgt og har lidd martyrdøden helt fra Peter og Paulus sin tid og fram til i dag. Så dagens virkelighet er ikke så langt unna denne gamle fortellingen.

I fortellingen kan dragen stå for vondskapen og urettferdigheten i verden, mens Georg kan stå for hjelpsomhet, mot, dyktighet og frimodig tro. Da blir fortellingen ganske tankevekkende og virkelighetsnær. For speiderne over hele verden er St. Georg et forbilde, og han illustrerer på en god måte både speiderlov, løfte og valgspråk.



DRAMATISK KAMP: St. Georg er i kamp med dragen, den redde prinsessen har delvis gjemt seg bak et tre, væpneren avventer situasjonen, mens kongen følger spent med på kampen.

Etter Kyrkjemøtet:

Eit historisk vedtak

Ordet «historisk» har no i dagane etter Kyrkjemøtet vore mykje brukt om vedtaket om kyrkeleg vigsel for likekjøna par.



HISTORISK AVSTEMMING: Kyrkerådets vedtak 11. april i år opnar for at par av same kjønn kan be om kyrkjeleg vigsel. Liturgi for slik vigsel vil bli vedteken på neste Kyrkjemøte, som blir i januar 2017. (Foto: Den norske kyrkja).

AV ØYSTEIN SKAUGE • PROST I ÅSANE

Same kva ein måtte tenkje om det faktiske innhaldet, kjem ein ikkje utanom at dette er historisk i den forstand at noko tilsvarande er ukjent i norsk kyrkehistorie fram til denne dagen.

Vedtaket opnar for at par av same kjønn kan be om kyrkjeleg vigsel så snart det ligg føre ein vedteken liturgi for slik vigsel. Det er lagt opp til at ein slik liturgi vil liggje føre etter neste Kyrkjemøte, som kjem i januar 2017.

Stort fleirtal

Etter at valet på delegatar til årets Kyrkjemøtet var klart på haustparten i 2015, var det tydeleg for alle kva utfall denne saka ville få når den vart realitetsbehandla. Difor var det lagt ned eit stort forarbeid, ikkje minst av biskopane, med sikte på å få til eit vedtak som flest mogleg kunne stille seg bak, for på den måten å dempe motsetningar og unngå total kyrkjesplitting. Det kan no sjå ut som om ein langt på veg har lukkast i dette.

Men det er samstundes liten tvil om at mange av dei som kom i mindretal kjenner på ei veldig sorg over dette. Mange opplever at eit slikt vedtak er i direkte strid med ord frå Jesu munn, og med det samla bibelske vitnemålet om forholdet mellom kjøna og om korleis eit ekteskap skal definerast. Her og no er det ikkje høve til å på nytt gå inn i dei teologiske argumenta for og i mot. No må kyrkja leve med vedtaket som er gjort.

Prestar kan velje å seie nei

Det store kompromisset ligg i at Kyrkjemøtet ikkje pålegg prestar (eller andre tilsette) å medverke til vigslar der dei

Fakta

Ordlyden i vedtaket

1. Kirkemøtet erkjenner at spørsmålet om homofilt samliv og vigsel av likekjønnede par er en sak som Den norske kirke etter lange samtaler og flere utredninger ikke har lyktes å enes om.
2. Kirkemøtet viser til tidligere vedtak som understreker at uenighet i dette spørsmålet teologisk bedømt ikke er av en slik karakter at det gudstjenestelige og sakramentale fellesskapet i Den norske kirke må brytes. Begge syn på likekjønnet ekteskap kan derfor gis rom og komme til uttrykk i kirkens liturgiske ordninger, undervisning og forkynnelse.
3. Et flertall i Kirkemøtet mener at det i tillegg til dagens liturgier for ekteskap og forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom kvinne og mann, må utarbeides tilsvarende liturgier som inkluderer likekjønnede par og som kan brukes overfor alle par.
4. Et mindretall i Kirkemøtet ønsker ikke kirkelig vigsel av likekjønnede par fordi det strider mot deres forståelse av ekteskapet. De av mindretallet som støtter dette vedtaket, tar likevel til etterretning Kirkemøtets sammensetning, og at slike liturgier derfor vil bli utarbeidet og implementert.
5. Kirkemøtet forutsetter at disse liturgiene innføres som ordinære liturgiske ordninger. De gjøres gjeldende i hele Den norske kirke slik at alle medlemmene kan inngå ekteskap i sin lokale kirke.
6. Kirkemøtet fastslår at prestar har frihet til å velge om de vil foreta vigsel av likekjønnede par eller forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom likekjønnede. Andre kirkelig ansatte bør også ha en tilsvarende mulighet til ikke å medvirke ved den kirkelige handlingen.

(Vedtatt med 88 av 115 stemmer)



TID FOR ETTERTANKE OG FRED: «Tida er no komen til å gå i seg sjølv med tanke på dei ord og uttrykk vi brukar om dei vi ikkje deler oppfatning med. No treng vi fred og ro til å la realitetane sige inn over oss» oppmodar Øystein Skauge. (Arkivfoto: Magne Fonn Hafskor).

må bruke ein liturgi som er i strid med deira overtyding om at ekteskapet kun skal vere mellom mann og kvinne. Likeeins at det ikkje vil vere kyrkjespiltande å argumentere for begge syn.

Vi veit at svært mange prestar vil velje å la vere å bruke den nye liturgien i møtet med likekjøna par. Også kantorar og kyrkjetenarar vil kunne kome til å be om å sleppe å medverke i slike vigslar. Nokre prestar har stått fram i media og vore tydelege på eit ja eller nei til slik vigsel. Andre har late det vere, eller har sagt dei vil vente med å signalisere kvar dei står. I Åsane prosti ser det ut til at fleirtalet av prestar vil velje å berre bruke vår noverande vigslsliturgi, som kun kan nyttast for mann og kvinne som vil gifte seg. Likevel vil det vere eit kyrkjeleg ansvar at alle som ynskjer det skal få tildelt ein prest som kan utføre vigsel, også for likekjøna. Det vil vere prosten som er ansvarleg for å finne ein slik prest.

Vi treng fred

Ingen kyrkjelyd eller sokneråd har høve til å vedta at vigslar for samkjøna skal stengjast ute frå deira kyrkje. Heller ikkje har nokon prest høve til å nekte ein annan prest tilgang til kyrkja dersom prosten har sett ein annan til å utføre vigsel. Samstundes er det også slik at vigsel er eit pastoralt ansvar som kviler på den enkelte prest. Soknerådet er ikkje arbeids-gjevar for prestane, og kan difor ikkje påleggje prestane ein spesiell praksis i den eine eller den andre retning.

Saka om homofile skal kunne gifte seg i kyrkja er avgjort. Nokre gler seg. Andre sørgjer. Slik ville det også vore om vedtaket hadde hatt eit motsett forteikn. Men vi skal leve i lag i kyrkja i åra som kjem. Difor er no tida komen til å gå i seg sjølv med tanke på dei ord og uttrykk vi brukar om dei vi ikkje deler oppfatning med. No treng vi fred og ro til å la realitetane sige inn over oss.

Dialog byggjer tillit

Årets kyrkjemøte behandla også ei sak som ikkje har fått like stor mediemerksemd som saka om likekjøna vigsel. Det var saka om religionsmøte og dialog.

TEKST: ØYSTEIN SKAUGE

Sakspapira legg fram ein grundig felleskristen (øumenisk) dokumentasjon på at det i dag er brei semje om at vi som kristne skal møte alle som medmenneske, for alle er skapte i Guds bilete. Kristne både kan og skal samarbeide med alle, uavhengig av deira tru, ut frå felles verdiar og ynskje om å skape fredelege og gode samfunn.

Kva er dialog?

Religiøs argumentasjon kan brukast til å fremje både fred og konflikt i samfunnet. Ofte er frykt hovudårsaka til stigmatisering og vald. Personlege møte og kunnskap kan erstatta denne redsla med nyfikne og tillit. Når religion blir ein del av biletet, har trus- og livssynsamfunn eit arbeid å gjere. Avstands- og fiendebilete kan fortrenge religiøse og humanistiske verdiar. Respekt, fellesskap og likeverd blir ignorert. I ein slik situasjon er dialog viktig.

Dialog er eit ope og respektfullt møte mellom likeverdige partar. I dialogen tek vi vare på det vi sjølve held for sanning, men vi gjer samstundes det vi kan for å lytte og forstå den andre. Dialog byggjer tillit. Dette fører då til at det som er vår eiga tru og standpunkt blir lytta til. Målet er ikkje å kome til semje eller å finna eit minste felles multiplum, men å auka forståinga av og kjennskapet til kvarandre, samt å utforska om det er mogleg å gjera ein felles innsats for lokalsamfunnet.

Einstemmig vedtak

På bakgrunn av dette vedtok et einstemmig Kyrkjemøte at det skal arbeidast for fleire dialogsentar i våre bispedømme. Vidare vart misjonsorganisasjonane oppmoda til å vere aktive i dialogarbeidet i kyrkjelydane og i samfunnsdebatten. Likeeins vart lokale kyrkjelydar oppmoda til å etablere og utvikle møtestadar for dialog og samhandling mellom menneske med ulik tru og livssyn.

Her i Bergen vart det for nokre år sidan oppretta det som heiter «Kirkelig dialogsentar Bergen». Dette senteret er eit ressurs- og kompetansesenter for trus- og livssynsdialog for kommunar, skular, kyrkjelydar og privatpersonar. Daglig leiar er dialogprest Marianne B. Gammelsæter. Ho har kontor i Mariastuene, rett utanfor Mariakirken.



VERDFULL DIALOG: «Kristne både kan og skal samarbeide med alle, uavhengig av deira tru, ut frå felles verdiar og ynskje om å skape fredelege og gode samfunn» skriv Øystein Skauge. Biletet er frå *Menighetsbladet* hausten 2014, der Skauge stilte til intervju om verdien av dialog saman med fire muslimske leiarar frå Bergen moské. Frå venstre: Momodou Bandeh, Abdi-Ladif A. Ahmed, Øystein Skauge og Azeem Mohammed. (Arkivfoto: Magne Fonn Hafskor)

Nei til «godhetstyranniet»

I nr. 1/2016 av menighetsbladet går redaktør Magne F. Hafskor hardt ut mot bistandsminister S. Listhaug. Hafskor priser dessuten 'godhetstyranniet' uten å nevne kostnader og konsekvenser av akselererende asylant tilstrømming.

Tilhengere her er primært personer på den politiske venstresiden, KrF, biskoper og diverse andre personer i kirkelige organisasjoner. Med andre ord, våre 'godhetstyranner' er rause med dine og mine skattepenger. Hetsen mot bistandsminister Listhaug er omfattende, spesielt fra Venstre leder T. Skei Grande, og en får nærmest inntrykk av at det er Listhaug som står bak de omfattende bombeangrepene i Syria som har trigget flyktningstrømmen mot Europa.

Innlegget fra red. Hafskor starter med noen betraktninger om innvandring til USA men han er faktisk lite etterrettelig. Altså, etter borgerkrigens slutt i 1865 startet en innvandringsbølge vestover med mange europeiske bosettere for å befolke og dyrke jorden i dagens 'præriestater'. Det ble nok en ny giv i 1890-årene da industrialiseringen skjøt fart i Ny-England statene, men i 1924 satte myndighetene foten ned for fri innvandring fra europeiske land. Noe senere ble en antatt integreringslov vedtatt, dvs bare engelsk var tillatt som språk i skoleverket - de ønsket en motvekt mot 'ghettoifisering' i enkelte innvandringsområder og lyktes med dette.

Idag er situasjonen den at innvandringen til USA er sterkt begrenset og søknader må sendes fra hjemlandet dvs ikke slik som i Europa ved ankomst til f.eks. Storskog i Finnmark. I tillegg bygges det grensegjerder mot Mexico som hinder mot illegal innvandring. I Europa bygget vi faktisk Hadrians mur i England for nesten 2000 år siden for å hindre voldelige innrykk av skotter. Idag har vi grensegjerder ved spanske enklaver i Marokko, Israel mot Vestbredden, og ved Calais (kanalhavnen) samt at det bygges flyktningegjerder i flere land på Balkan.

Red. Hafskor er i harnisk (det var også KrF v/formann Hareide) over regjeringens forslag om å bruke uhjelpsmidler for delvis å dekke ekstraordinære asylsøkerutgifter. Forslaget var overføring av ca. 4 milliarder kroner for deldekning av nevnte asylkostnader - endelig sluttsum ble ca. 2 milliarder. Det som ikke nevnes er at norsk uhjelp utgjorde hele 31 milliarder i 2014 og det samme i 2015. I tillegg har Norge i likhet med

mange andre land hatt store uhjelpsprogrammer i mere enn 50 år. Det dreier seg om gigantosummer, så det er berettiget å spørre hva som konkret kommer ut av disse store pengeoverføringer og ikke minst blir det mye hjelp av dette lokalt i mottakerlandene?

Vi får en livfull beskrivelse av en flyktning som ankommer Europas yttergrenser utslitt, utsultet og uten annet enn det de stod og gikk i. Hva ville Jesus sagt? For det første, de asylantene som kommer til oss (Norge) virker velkledd (nye dun- og lærjakker), og har moderne rullekofferter med sitt jordiske gods. Flere ganger har asylsøkere protestert mot norsk matservering og også på innkvarteringen etc.

Red. Hafskors beskrivelser virker faktisk noe søkt ikke minst i lys av en hendelse i Ulsteinsvik hvor 26 mindreårige asylsøkere ble kastet ut av ungdomsskolen etter utilbørlig oppførsel mot jenter på skolen og politiet er koblet inn. Ellers, om asylsøkere er svakt representert i arbeidslivet, så har våre fengsler et markant innvandrerbelegg - over 30% av de innsatte. Hva ville Jesus sagt; kanskje at 'mitt rike er ikke av denne verden'.

EYSTEIN S. HUSEBYE, SR.
Eikebakken 26A

Innlegget er noe forkortet.


REDAKTØRENS KOMMENTAR: Takk for ditt innlegg! Jeg beklager at du oppfatter dette som personlig hetsing av statsråd Listhaug. Det var ikke min mening. Men det må være tillatt å delta i den offentlige samtalen også for et menighetsblad - og kanskje spesielt når en statsråd beskylder kirken for å bedrive «godhetstyranni». Så ja, utgangspunktet for essayet var en kommentar (eller svar) til Sylvi Listhaug, men det går videre enn det. Det jeg skriver om, går på utfordringer i vår tid der Den norske kirke har vist et dypt og ekte engasjement.

Både vår tids klimautfordringer, som allerede har medført store lidelser i mange fattige land, og flyktningestrømmen inn mot Europa er saker som jeg synes det er naturlig for kirken å mene noe om. Slik jeg ser det, er dette saker som på en måte går utenpå politikken. Det handler om å ta vare på planeten vår for kommende generasjoner, og det handler om å hjelpe mennesker i ytterste nød. Da er det vår plikt å hjelpe, og det å delta i samfunnsdebatten er også en form for bistand.

Når det gjelder det du skriver om innvandringen til USA, der du hevder at jeg er «lite etterrettelig»: Dette ble tatt med for å vise at innvandring faktisk fører mye bra med seg, eller med president Barack Obamas ord: «USA er født av immigranter».



SVARTE LISTHAUG: Innsenderen reagerer på et tidligere innlegg, der Menighetsbladets redaktør gav et tilsvarende svar til innvandringsminister Sylvi Listhaugs (Frp) angrep på Den norske kirke for å være «sosialistisk» og for å bedrive «godhetstyranni» i asyldebatten. (Faksimile fra Menighetsbladet nr. 1, 2016)



Kyrkja og politikken

Tonen mellom fleire av biskopane og innvandringsminister Sylvi Listhaug var uvanleg tøff i byrjinga av dette året.

Biskopane har skulda regjeringa for å føre ein inhuman asylpolitikk, og ministeren har svara med å kalle kyrkjeleiinga venstreorientert. Ordsiftet blei etter kvart så kvast at biskop Nordhaug snakka om ei tillitskrise mellom kyrkjeleiinga og ministeren. Eg kan knapt hugse å ha vore vitne til noko liknande i mi tid som prest, og for meg manar dette til ettertanke og refleksjon.

Ordsiftet starta med at kyrkjeleiarane kommenterte styresmaktene si innstramming i asylpolitikken. Både gjennom media og gjennom offisielle høyringar uttalte kyrkja at innstrammingsforslaga som regjeringa varsla ville ramme dei svakaste, og var på kollisjonskurs med kristne kjerneverdier.

Biskopen i Oslo (Ole Kvarme) uttalte at han «savner imidlertid et bredere perspektiv på denne tematikken. Verden erfarer nå den største humanitære katastrofen siden 2. verdenskrig. Som et trygt, ressurssterkt og privilegert land har vi et stort humanitært ansvar». Oslobiskopen opplever at fleire av lovforslaga står i kontrast til grunnleggjande verdier som menneskeverd, barns rettar, familietilknytting og rettstryggleik.

Oslobiskopen si fråsegn har fått brei støtte frå resten av toppleiinga i kyrkja, og det er uvanleg krass kritikk av regjeringa til Den norske kyrkje å være. Som luthersk kyrkje byggjer DnK sin autoritet på Bibelen, og for å forstå kvifor kyrkjeleiarane talar så tydeleg som dei gjer i denne situasjonen, må ein ha klart for seg kva Bibelen seier om innvandring. Her finn vi vers som er svært konkrete i sin tale.

I 3. Mosebok heiter det at «*når ein innflyttar bur i landet hjå dykk, skal de ikkje undertrykkje han. De skal oppføre dykk mot han som en landsmann*». Jesus oppsummerer etikken i det gamle testamentet med å seie at «*du skal elske Gud av heile ditt hjarte, og elske nesten din som deg sjølv*». Eit anna kjerneord i den kristne etikken finn vi Matteus 7: «*Alt det du vil at andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei*».

Bakgrunnen for kyrkja og biskopane sitt engasjement for flyktningane er med andre ord Bibelen. Det er Jesu lære. For Listhaug falt ikkje kyrkja sitt engasjement i god jord, ho sa at «kyrkja var gjennomsyra sosialistisk» og at den ikkje bør uttale seg om kompliserte politiske spørsmål.

Heilt fram til 2. verdskrig var det ei utbreidd haldning i dei lutherske kyrkjene (inkludert DnK) at kyrkja skulle avstå frå å blande seg i dei konkrete politiske debattane. Under krigen endra denne tilnærminga seg. Oslobiskop Eivind Berggrav, som sat i fangeskap på Grini, utvikla i lys av krigserfaringane sine ein ny luthersk teologisk modell om forholdet mellom



POLITIKK OG KRISTENDOM: «Når politikken som blir utøvd går på tvers av bibelsk etikk og læresetningane frå Jesus, må kyrkja opne munnen og tale» skriv Tom Sverre Tomren. (Arkivfoto: Magne Fonn Hafskor).

stat og kyrkje. Bergrav meinte at sjølv om kyrkja ikkje skulle vere politisk, hadde kyrkjeleiinga både rett og plikt til å uttale seg når styresmaktene gjorde ting som var imot Guds vilje. Sidan den gongen har biskopane, og etterkvart dei sentral-kyrkjelege råda, uttalt seg om konkret politikk. Stundom har dei terga på seg venstresida (til dømes under abortlovstriden), og andre gonger har kyrkjeleiarane terga på seg høgresida av norsk politikk.

For meg som luthersk prest er det heilt underordna om politikarane høyrer til på venstresida, sentrum eller høgresida av det politiske landskapet. Kyrkja si rettesnor er korkje sosialisme à la Marx, eller marknadsliberalisme à la Hobbes. Kyrkja si rettesnor er Bibelen og Jesu lære. Når styresmaktane gjer ting som er på kollisjonskurs med Bibelen, kan ikkje kyrkja teie. Om den hadde gjort det, hadde den ikkje vore tru mot sitt kall.

Kyrkja skal vere for alle, uansett kor folk står politisk. Men når politikken som blir utøvd går på tvers av bibelsk etikk og læresetningane frå Jesus, må kyrkja opne munnen og tale. Det har biskopane gjort. Dei har min fulle støtte.

AV TOM SVERRE TOMREN

Prest og fylkestingsrepresentant for Miljøpartiet De Grønne

En annonse i menighetsbladene når alle hus-
stander i Arna, Osterøy, Åsane, Salhus, Eidsvåg,
Lønberg og Biskopshavn.

For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på

995 50 787

KAFÉ

Hellen

ÅPNINGSTIDER

MANDAG – FREDAG KL. 10.00 – 19.00

LØRDAG – SØNDAG KL. 11.00 – 16.30

Du finner oss på Bergen Røde Kors Sykehjem,
Ellerhusensvei 35.

Du finner oss også på facebook.

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Les mer og meld din interesse på

kirkens-sos.no



KIRKENS
SOS



www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook

EIDSVÅG AUTO AS

Aut. bilverksted • Karrosseri

Lakkeringsverksted

Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg



Meca
CAR SERVICE
GODKJENT
VERKSTED

Tlf. 55 25 10 20

JC
JC INTERIØR

Kjøkken • Bad • Garderobe

Salhusveien 55, 5131 Nyborg

Tlf. 55 53 98 40

www.jcinterior.no

Besøk en av Norges største shop in shop



LENE BJERRE DESIGN

ASTRI VÅRDAL

statsautorisert revisor, autorisert regnskapsfører
Ytre Arna - tlf 55 53 14 94

- Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.
- Regnskapsføring.

astri@vaardal.no - <http://www.vaardal.no>

**Rolf's Matbu og
Selskapsservice**

EIDSVÅG I ÅSANE • 25 ÅRS ERFARING

Vi leverer eller du henter!

VI LAGER MAT TIL:

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane
Tlf: 55 29 26 32 • post@rolfsmatbu.no
www.rolfsmatbu.no

Advokatfirmaet

Sigrun Pedersen M.N.A.

Arv/gaver

Barnerett

Familierett

– sambo/ekteskap

Samlivsbrudd

Kjøp/salg fast eiendom
– bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

Tlf.: 55 18 86 00

advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Ull er omsorg



JANUS

www.janus.no

Since 1895



Besøk oss gjerne på Janus
Kultursenter på Espeland



Vi utvider teamet

TANNLEGE MARIANNE HOPE

tar i mot nye pasienter, og yter
akutt hjelp.

Tilbyr også lystgassbehandling.



Tannlegene

Roar Stornes - Geir Braseth - Marianne Hope
ønsker deg velkommen til vår tannklinikk!

Åpningstider:

mandag - torsdag 08.30 - 15.30
fredag 08.30 - 15.00

Øyrane Torg 3. etg.

Tlf: 55 24 15 50

FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder
– Trygge sjåførere

Tlf. 92 26 66 33



Tru i kvardagen

Eg vart så redd!

Det var møte på samfunnshuset på Haukeland. Det var vi, bygdefolket, som skulle oppsummera inntrykka av prosessen mot godsterminal på Unneland, så langt. Då eg entra salen, kjende eg meg optimistisk. Dette går vegen, tenkte eg. Men så tok Knut ordet. Og medan han snakka, fall geipen.

TEKST OG FOTO: OLAV VIKSE • OLAV@VIKSE.COM



For, sa han, du må ikkje stola på dei kartskissene du har sett. Ikkje tru at du er trygg sjølv om kan sjå sånn ut. Det hogg til i magen. Olav, sa Knut, om det vert Unneland som vert valt til slutt, kan du rekne med å få ein godsterminal i hagen!

Han hadde høyrte på dei, sa han, argumenta, korleis dei reknar verdiar. Korleis dei set opp tal på rekke, heilt utan menneske. Det som ikkje kan reknast i pengar, tel ikkje.

Eg er oppvaksen på bedehuset i Ålvik. Der fekk eg vita at det ikkje er pengane som gjer ein rik. At mange rike kan vera fattige. Og eg skreiv stil på skolen. Om at oppvekstmiljø er like viktig som overskot på drifta av AS Bjølvefossen. Eg fekk god karakter på skolen.

I Bibelen kryr det av åtvaringar mot å rekne i pengar. Pengar kan rotne, står det. Det kan ikkje varige verdiar. Kjære Gud, eg har det godt, bad eg om kvelden. Takk for alt som eg har fått! Kjære Gud, gå aldri frå meg!

I dag ligg eg om kvelden og høyrer svarttrasten synge med meg i bøna. Med vakraste songen i skogen. Eg ser småfuglane flyge inn og ut av fuglekassa i treet eg kan sjå frå senga. Det var difor vi busette oss på landet nær byen.

Der vi får lov å høyre på stilla. Får lov å sjå mørket utan skin frå byen.

Eg trur på noko som ikkje kan reknast i kroner. Fattige kår som skapte arbeidsnevar vi sjeldan ser i dag. På Unneland brukte dei byggeteknikkar vi knapt greier gjere etter i dag.

Eg bed til deg, Gud, du som høyrer alt eg ber om! Gje oss vårt daglege brød! Lat oss ikkje koma i freisting, men fri oss frå det vonde! For menneske lever ikkje av pengar aleine. Ikkje av vekst og meir og meir og aleine.

Eg ber til Gud om at vi vil forstå det i tide. Be du og!
For Arna!



MIDTSOMMERFEST MED YTRE ARNA VOKAL

Den 15. juni klokken 20:00 inviterer Ytre Arna Vokal til midtsommerkonsert i Ytre Arna Kyrkje

Dirigent: Bjørn Bergmann - Saxofon: Thomas Nøking

Vi håper å se deg og alle dine venner der

Billetter kr 100,-

www.ytrearnakyrkje.no





Salmeboken til hverdagsbruk

De fleste forbinder vel salmeboken med kirken og gudstjenesten, hvis da ikke power-pointen helt har overtatt for blading i salmeboken.

AV ARVID ANDREAS FOSSE

Før var det nokså vanlig at konfirmanter fikk både bibel og salmebok i konfirmasjonsgave, det er ikke uten videre slik lenger. I 2013 fikk vi ny salmebok med et bredt tilfang av salmer og sanger. Salmeboken fikk en enestående markedsføring takket være NRKs «salme-maraton» Salmeboken minutt for minutt, der kor fra hele landet sang seg gjennom hele salmeboken, og vi kunne se og lytte til det hele i løpet av en helg. I etterkant ble det solgt salmebøker i fleng.

På tittelbladet står det: Norsk salmebok - For kirke og hjem. Og da er det naturlig å stanse litt og spørre: Bruker vi salmeboken hjemme? Da jeg gikk på Folkeskolen, fikk vi hver vår salmebok utdelt på skolen. Hver morgen begynte vi skoledagen med å synge en salme, noe som gjør at mange av salmene fortsatt sitter fast i minnet. En verdifull skatt og ballast, spør du meg.

Men det var ikke bare salmer i Landstads reviderte salmebok som vi fikk den gangen. Der var også bønner for hver ukedag og alle høytidsdager. Som ung gutt lærte jeg å sette pris på disse bønnene.

Tidene har forandret seg, både salmeboken, liturgien og bønnene er fornyet. Fortsatt finner du bønner for hver dag i salmeboken, og bønner for så mange ulike anledninger og situasjoner. Du slipper å finne ordene selv, de legges i din munn. Det kan være veldig godt, til sine tider. Min oppfordring og anbefaling er: Gjør deg kjent i den nye salmeboken. Den er en flott ressurs i hverdagen, en hjelp til et møte med Gud.

Til slutt, en bønn fra salmeboken, med overskrift Foran en vanskelig dag: «Herre min Gud, jeg har våknet til en ny dag. Også denne dagen er fra deg. Jeg vet ikke om jeg makter det som denne dagen kan komme til å kreve av meg. Lær meg å stole på ditt løfte: 'Som dine dager er, skal din styrke være'.»

SLEKTERS GANG

Døpte:

ARNA SOKN

28.02.2016 SEBASTIAN JOHNSEN
 28.02.2016 TOBIAS LARSEN PEDERSEN
 28.02.2016 FREDRIK THORSNES
 06.03.2016 ALINA TVERAABAK BARHAG
 06.03.2016 ARIA KALSÅS
 13.03.2016 AMELIA ALDAL HEMRE
 20.03.2016 LUKAS FLATÅS STENSRUD
 20.03.2016 LINNEA FLATÅS STENSRUD
 27.03.2016 CARSTEN JOHAN SOLDAL-SÆTERDAL
 10.04.2016 LUCAS ANDRÉ SOLBERG-JOHNSEN
 01.05.2016 TOBIAS SPILDE ALFREDSEN
 01.05.2016 THEA ANDERSEN
 01.05.2016 KORNELIA DJØNNE
 01.05.2016 SOFIE OPPEDAL HAUGE
 01.05.2016 SAVANNAH SIGLEVIK MJELDE

YTRE ARNA SOKN

13.03.2016 ODA BELSNES SKUGGEN (VANGSKYRKJA)
 10.04.2016 HANNAH SOFIE HOSØY SAGEDAL
 24.04.2016 WILLIAM TØMMERSTRAND BREMSETH
 01.05.2016 THEA ANDERSEN

Døde:

ARNA SOKN

Gravferd:

08.03.2016 MARGIT WÅGENES
 08.03.2016 AGNES SUNDAL
 15.03.2016 ASTRID HØYSÆTER
 17.03.2016 HÅKON LIDVAR MIDTBØ
 31.03.2016 KÅRE JOHAN AASHEIM
 15.04.2016 JAN OTTAR HERMANSEN
 12.04.2016 INGRID ENDRESEN
 21.04.2016 EINAR NYGÅRD
 28.04.2016 SYNNØVE IRENE FRANTZEN
 03.05.2016 KITTY BJØRNHILD SAGOSEN
 06.05.2016 ANNA LIARBØ MJELDE
 10.05.2016 MARIA BRÆKHUS
 12.05.2016 RUTH LEONARTSEN
 13.05.2016 BORGHILD ESPELAND
 13.05.2016 ESPEN SAMUELSEN
 21.05.2016 JAN ANFINN BORGE

YTRE ARNA SOKN

03.03.2016 EVA HAUKÅS-EIDE
 10.03.2016 ROLF OLSEN
 12.04.2016 GERD BERIT BREKKHUS
 15.04.2016 INGRID ROMSLO
 19.05.2016 KLARA REIGSTAD

Vigde:

ARNA SOKN

23.04.2016 MONICA CECILIE KALDEFOSSE
 OG DAG RUNE STRAND

Undervisningsserie i Arna kyrkjelyd

Til hausten er det planlagt ein undervisningsserie for vaksne i Arna kyrkjelyd. Serien vil gå over seks kveldar – kvar 14. dag. I skrivande stund er enno ikkje alle detaljar på plass, men på første samling, som blir **13. september**, vil Helge Hitland snakka om temaet «Kjæroleik skaper tilgjeving». Arna kyrkjelydshus, 13. september kl. 19.00.

Velkommen til kyrkje

29.05.2016

2. søndag i treiningstida Joh 3,1-13

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til KRIK
Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik og Audun Hjellvik. Musikklaget. Nattverd. Sundagsskule. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

05.06.2016

3. søndag i treiningstida Mark 10,13-16

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet

12.06.2016

4. søndag i treiningstida Matt 9,35-38

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Fosse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Høgskolen NLA
Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule. Dåp.

19.06.2016

5. søndag i treiningstida Matt 18,12-18

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

26.06.2016

Aposteldagen Apg 9,1-19

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Norea mediemisjon

03.07.2016

7. søndag i treiningstida Matt 5,25-34

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Mission Aviation Fellowship Norge

10.07.2016

8. søndag i treiningstida Luk 6,36-42

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet

17.07.2016

9. søndag i treiningstida Luk 6,36-42

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Fosse. Nattverd. Takkoffer til De 4 diakoninstitusjoner

24.07.2016

10. søndag i treiningstida Ef 4,29-32

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

31.07.2016

11. søndag i treiningstida Joh 8,31-36

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Fosse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

07.08.2016

12. søndag i treiningstida Joh 4,37-30.39-43

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kolibri

14.08.2016

13. søndag i treiningstida Joh 15,13-17

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Sundagsskule.

21.08.2016

Vingardssundagen Matt 19,27-30

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet

28.08.2016

15. søndag i treiningstida Joh 15,9-12

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Søndagsskolen Norge
Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Ingvar Fløysvik. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

04.09.2016

16. søndag i treiningstida Matt 11,16-19

Arna kyrkje kl. 11:00: Oppstartsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. 6-åringar inviterte. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

11.09.2016

17. søndag i treiningstida Mark 5,35-43

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Institutt for sjelesorg
Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Familiegudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. 4-årsbok. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins. Sundagsskule.

18.09.2016

18. søndag i treiningstida Sal 38,10-16

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Fosse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet

25.09.2016

19. søndag i treiningstida Luk 9,57-62

Arna kyrkje kl. 11:00: Temagudsteneste: Bibelen – open for alle. Øystein Skauge. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Arna kyrkjelyd sin barnehage
Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Bibelen – open for alle

Det norske Bibelselskap feirar 200-årsjubileum dette året. I Arna kyrkjelyd markerer vi jubileet ved å la temagudstenestene til hausten handla om Bibelen og bibelbruk. Det blir utarbeidd samtaleopplegg til kvart tema.

Temagudstenester i Arna kyrkje hausten 2016:

- 25. september: Bibelen – open for alle ved Øystein Skauge.
- 23. oktober: Det gamle testamentet på 20 minuttar ved Jan Kåre Jakobsen.
- 27. november: «Det står skrive». Forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet ved Arvid Fosse.

Visitass i Arna og Ytre Arna

Biskop Halvor Nordhaug kjem på visitass til kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna i desember 2016. Detaljane i programmet for visitassen er enno ikkje klart, men det blir felles visitass-gudsteneste i Arna kyrkje 11. desember (3. søndag i adventstida).

YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR

Tlf: 55 36 22 70

E-post: arna.menighet@bergen.kirken.no
ytre.arna.menighet@bergen.kirken.no

Postadresse: Arna kyrkjekontor
Pb 64 Indre Arna, 5888 Bergen

Heimeside Arna kyrkjelyd: www.arnakyrkje.no

Heimeside Ytre Arna kyrkjelyd: www.ytrearnakyrkje.no

Arna kyrkjelyd på Facebook:
www.facebook.com/arnakyrkje

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?

Kontonummer Arna: 3633.07.10831
Kontonummer Ytre Arna: 3633.30.02625

Besøksadresse: Lakslia 21, (Kyrkjelyds huset)
Indre Arna

Opningstid: Tysdag til fredag 10 – 14
Torsdag 10-13

Kirketorget i Aasegården tar i mot henvendinger ang. dåp, vigsel og gravferd: Tlf.: 55 59 32 10.

Soknerådsleiar Arna: Kari Secher

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jorunn Haukås

DEI TILSETTE I KYRKJELYDANE

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen

Epost: jan.jakobsen@bergen.kirken.no
Tlf: 55 36 22 74
Tlf: 55 24 42 48 – heim

Prest Arvid Fosse (Arna/Osterøy)

Epost: arvid.andreas.fosse@bergen.kirken.no
Tlf.: 416 52 363

Sokneprest Ingvar Fløysvik

Epost: ingvar.fløysvik@bergen.kirken.no
Tlf: 55 36 22 75 / 916 06 626

Kateket Cathrine Snipsøy

Epost: cathrine.snipsoyr@bergen.kirken.no
Tlf: 55 36 22 72

Adm.leiar i Arna: Marianne W. Fanebust

Epost: marianne.fanebust@bergen.kirken.no
tlf: 55 36 22 71

Adm.leiar og medarbeidarkoordinator

i Ytre Arna: Benthe Vevle

Epost: benthe.vevle@bergen.kirken.no
Tlf: 55 36 22 73

Medarbeidarkoordinator Arna Møyfrid Opheim

Epost: moyfrid.opheim@bergen.kirken.no
Tlf 55 36 22 78

Trusopplærer i Ytre Arna: Marianne V. Hjortland

Epost: marianne.hjortland@bergen.kirken.no

Trusopplærer i Arna: Gro Eman

Epost: gro.eman@bergen.kirken.no

Kyrkjetenar Monica Ohr

Epost: monica.ohr@bergen.kirken.no
Tlf.: 55 36 22 76

Diakon Ytre Arna: Marit Bjørsvik

Epost:marit.bjorsvik@bergen.kirken.no

Kantor i Arna: Olav Arne Steinkopf,

Epost: olavarne.steinkopf@bergen
Tlf.: 55 36 22 98

Kantor i Ytre Arna: Bjørn Bergmann

Epost: bjorn.bergmann@bkkfiber.no

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktøransvar: Magne Fonn Hafskor
mobil: 92294877 / epost: eyecu@online.no

Annonseansvarlig: Torill Hatlebrekke Husebø
Mobil: 995 50 787 / epost: thh@bkkfiber.no

Lokal redaksjonsnemnd: Tor Oddvar Holmefjord,
Ingvar Fløysvik, Harald Haugsvær og Olav Vikse.

Blad nr. 4 -2016 kjem ut torsdag 15. september.

Frist for levering av stoff er: fredag 26. august.

Redaksjonen avsluttast fredag 2. september.

Redaksjon kyrkjelydsblad Arna:

tor.holmefjord@bkkfiber.no

Vakthavande prest etter kl 17.00 og på

Søn- og helgedagar: Tlf. 954 79 157

Sommarkonkurranse



Kvar er dette?

Finn ut kvar desse seks bileta er tekne? Alle bileta er frå Arna eller Ytre Arna sokn. Vinnaren vert trekt ut mellom dei med flest rette svar. Premien er eit gåvekort på Øyrane Libris.

Send svaret til:

tor.holmefjord@bkkfiber.no eller eit postkort / brev til
Tor Oddvar Holmefjord, Sætrejfellet 13, 5265 Ytre Arna



1



2



3



4



5



6

Sommerleir på Wallemtunet

Leir er spennende! Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer, fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbspill-kamper og mye annen moro!

På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen. Sommerleirene på Wallemtunet er et av årets store høydepunkter, og leirstedet ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

- Sommerleir 7-10 år: fredag 24. til søndag 26. juni 2016.
Pris: 400,-
- Sommerleir 11-14 år: mandag 27. til torsdag 30. juni 2016.
Pris: 600,-

Arrangører er Søndagsskolen Bergen krets og Acta (barn og unge i Normisjon) Hordaland.
Meld dere på til: bergen@sondagsskolen.no eller telefon 907 72 703. Så sees vi i sommer?

Med vennlig hilsen Thomas Hammer, leder for Acta Normisjon Hordaland

